

Styremøtet i Seniornett Førde

Onsdag 05.09.-18 kl.10.30 Biblioteket i Førdehuset

Desse møtte: Kolbjørn , Marloes, Hildur, Monrad, Egil og Borgny

Sak 13/2018

Orientering om Seniorsurfdagen 'Digital festival'. Festival 20.09.-18 i Lisjesalen Førdehuset.

Arr. Fylkesbiblioteket, Frivilligsentralen og Seniornett Førde.

- Monrad orienterte styret om programmet for Digital festival.
- Programmet vert ettersendt som Vedlegg 9/2018

Kolbjørn: Vi bør førebu/stille spørsmål til Hunvik om konsekvensar for eldre av full digitalisering av billettsystemet.

Egil: Dei bør tenkje på at trafikkselskapet er til for brukarane, ikkje at brukarane skal tilpasse seg deira system.

Marloes: Førde kommune har tilsett Jakob Andre Sandal i ny stilling som IKT-ansvarleg i nye Sunnfjord kommune. Han bør inviterast til Seniorsurf og vere førebudd på at salen kan stille han spørsmål.

Sak 14/2018

Utsendingar til Regionmøte i Seniornett Norge sitt møte i Førde 14.09.-18 (Brunosten) kl.1100-1500

- Orientering frå Seniornett Norge vert ettersendt som Vedlegg 10/2018
- Regionmøte er nytt. Det er ønske om Regionmøte sidan det er Landsmøte berre annakvart år.
- Monrad: Styret i Seniornett Førde tek seg av dei praktiske førebuingane til møtet. Vi bestiller påsmurte rundstykke og serverer kaffi. Kostnaden for mat vil Seniornett Norge ta.
- Hildur bestiller når påmeldingsfristen er ute så ho veit kor mykje ho skal bestille. Pålegg: Kjøtt og ost.
- Heile styret bør stille som utsendingar på dette møtet.
- Helge bør inviterast til Regionsamlinga.

- Er Seniornett Norge for anonyme for brukarane i kommunane? Kva 'nytte' har dei av Seniornett Norge?
Vil Regionsamling vere eit bindeledd som betrar kontakten med Seniornett Norge.
Korleis kan Seniornett Norge annonsere for å få fleire medlemmar?
Store annonsere i aviser? Reklamere på TV?

Vedtektene i Førde Seniornett Førde er uklære om kontingent i høve Seniornett Norge. Dette må styret sjå nærare på.
Må medlemmene som går på kurs på Seniornett Førde også vere medlemmer av Seniornett Norge?

Sak 15/2018

Opplegg til det nye digitale nettåret i Førde Seniornett? Kor tid startar vi opp?

- Oppstart fredag 21.09.-18 kl.1100 -1400. Felles oppstart i Viking. Servering kl.1200: Krans, kaffe og Twist.
- Styret møter kl 0930.
Monrad annonserer i Firda inkl Det Skjer. Egil annonserar på Facebook. Kolbjørn bestiller Viking.
- Egil orienterer om opplegget i Seniornett Førde.
- Held fram med 4 grupper. Egil lagar forslag til program. Få tilbakemelding på oppstartmøtet 21.09. om programmet og organiseringa.
- Skal vi fortsetje på same organisering som før? Bør vi organisere noko som kortare kurs, medan nybegynnar fortsett med kurs som no? Bør vi ha opplæring på nettbrett/smarttelefon som fleire folk etterspør? Nettkafe med tema?

Sak16/2018

Eventuelt

- Vi må bli meir aktive med å rekruttere nye instruktørar.
- Internettkafe 2 gonger i kvart semester?

Møtet avslutta kl.12.30

Borgny E. Slagstad (referent)